



SAKSHANDSAMAR
Martine Magdalena Thodesen Sande
Ivar Aarrestad

VÅR DATO
21.06.2024

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
24/00739-7

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Att: Tore Slinning

Gbnr. 57/42 - Eidesdalen - Bømlo kommune - Riksantikvarens avgjerd i klagesak - Søknad om løyve etter kulturminneloven § 8.1 for bygging av lagerhall

Innleiing

Vi viser til klage, datert 4. mars 2024. Klaga gjeld avslaget frå Vestland fylkeskommune på søknad om løyve etter kulturminnelova (kml.) § 8 første ledd for oppføring av ein lagerhall på gbnr. 57/42 i Bømlo kommune.

Klaga er oversend til oss frå Vestland fylkeskommune i e post datert 4. mars 2024. Klaga er send innan klagefristen, jf. kulturminneloven § 8 første ledd.

Vi har fått klagars merknadar til klageoversendinga i e-post datert 29. april 2024. Vi ser på saka som tilstrekkeleg opplyst.

Konklusjon

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og konkluderer med at vedtaket frå Vestland fylkeskommune datert 9. februar 2024 blir oppheva, jf. forvaltningsloven § 34 fjerde ledd. Saka blir send tilbake til fylkeskommunen for ny behandling. Klaga blir teken til følge.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld oppføring av lagerhall, som erstatning for eksisterande rubbhall som skal rivast. På eigedommen er det registrert eit busetjings/aktivitetsområde frå steinalderen som er automatisk freda etter kulturminneloven § 4 første ledd. Lagerhallen skal plasserast innanfor avgrensinga av kulturminnet, og det blir derfor kravd løyve etter kulturminneloven § 8 første ledd.

Forvaltningsmynde er Vestland fylkeskommune. Dette følger av forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 (2).

Fylkeskommunen gav den 9. februar 2024 avslag på søknad om løyve etter kml. § 8 første ledd. Avslaget er grunnlagt med at det er nødvendig å gjennomføra ei arkeologisk registrering før det kan bli aktuelt å behandle søknad om løyve for bygging av ny lagerhall. Det blir vist til fråsegn frå Universitetsmuseet i Bergen, som har same konklusjon. Fylkeskommunen vurderer at ein registrering må gjennomførast på heile arealet der det er mogelegheit for bevarte funnkontekstar innanfor lokalitetsavgrensinga, med unntak av eit utbygd område frå gbnr. 57/71 og austover.

Fylkeskommunen viser til at vidare forløp for å få gjennomført den skisserte arkeologiske registreringa etter kml. § 9, er at tiltakshavar tek kontakt med regional kulturminnemynde i fylkeskommunen for å få utarbeid eit kostnadsoverslag og gjere avtale om tidspunkt og praktiske detaljar kring feltarbeidet.

Innhaldet i klagen

Det klages på avslaget og blir oppmoda om at det gjerast ei ny vurdering av søknaden. Det blir vist til følgjande punkt:

1. Viktigheita av prosjektet

Klager skriv at den planlagde lagerhallen er essensiell for Eidesdalen Utvikling sin fortsatte vekst og evne til å støtta lokalsamfunnet gjennom økonomisk utvikling og jobbskaping. Dei har behov for å oppdatera og utvida eksisterande næringslokale for å sikra framleis god drift og vekst. Den nye hallen vil gi auka lagerkapasitet, som er eit behov både for å møte aukande etterspurnad til byggjemateriale i regionen, og for å få plass til ei nyleg utviding av verksemda.

2. Tidligare inngrep og noverande tilstand

Klager erkjenner at området har gjennomgått betydelege endringar gjennom tidlegare tiltak og nedbygging. Det blir argumentert for at det omsøkte tiltaket vil ta omsyn til den noverande tilstanden til området og bidra til å avdekka og verna eventuelle kulturminne som måtte bli funne under arbeidet.

3. Forplikting til varsling og handtering av funn

Klager skriv at dei forpliktar seg til å følga alle reglar og forskrifter om handtering av moglege funn og at dersom det blir oppdaga kulturminne under byggeprosessen vil dei straks stansa arbeida og varsle relevante styresmakter.

4. Samfunnsmessige omsyn

Det blir framheva at prosjektet både vil bidra til lokal økonomisk vekst, forbedra infrastrukturen og skapa nye arbeidsplassar i området. Desse samfunnsmessige omsyna må vegast opp mot bevaringa av kulturminnet. Fylkeskommunen blir invitert til ei synfaring av området.

Fylkeskommunens vurdering av klaga

Vestland fylkeskommune skriv i sin oversending av klaga at fylkeskommunen og museet er samde om at lokaliteten må avklarast med ein tilstandsregistrering og vurdering av omfang for ein eventuell frigivningsundersøking, før det er mogleg å vurdera verneverdi i samband med dispensasjonsbehandling. Dei skriv at desse forholda har vorte presenterte for søkjar i korrespondanse, før fylkeskommunen fekk søknaden om løyve etter § 8.1.

Tilleggsopplysningar frå klagar

Den 29. april 2024 har Riksantikvaren motteke eit supplerande brev som utfyller kvifor det er sendt inn ein klaga. I brevet blir det vist til ulike tiltak som har påverka det freda området sidan 1982. Det blir informert om at kommuneplanens arealdel akkurat no ligg ute på høyring og at den aktuelle eigedommen ligg innanfor det som i planen er definert som eit nærsepter.

Riksantikvarens vurdering

Riksantikvaren skal prøve om fylkeskommunens vedtak er basert på riktig bruk av føresegnene i kulturminnelova og om saksbehandlinga er korrekt.

Avslaget frå fylkeskommunen er grunnlagt i at det må gjennomførast ei undersøking etter kml. § 9, slik at fylkeskommunen får eit grunnlag for å kunna vurdera om det kan givast eit løyve etter kml. § 8 første ledd.

I kml. § 9 står det:

"Ved planlegging av offentlige og større private tiltak plikter den ansvarlige leder eller det ansvarlige forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som nevnt i § 3 første ledd, jfr. § 8 første ledd."

Ei arkeologisk registrering etter § 9 blir gjennomført for å avklara om tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne som ein tidlegare ikkje har kjent til, eller for å kartlegga vernestatus, utstrekking eller omfanget av eit allereie kjent automatisk freda kulturminne. Formålet med denne undersøkingsplikta er på generelt grunnlag at ein skal skaffa seg så mykje informasjon som mogleg før det blir sett i gang tiltak som kan skada eit kulturminne.

I denne saka er det kjent at det på eigedommen er gjort funn av steinalderartefaktar. Lokaliteten har likevel vorte gradvis nedbygd og det er uvisst kor mykje av kulturminnet som er øydelagt. Universitetsmuseet i Bergen og Vestland fylkeskommune har derfor vurdert at det er naudsynt å gjennomføra ei registrering for å avklara tilstand og skadeomfang av verna kulturminne på lokaliteten.

Det er søkt om å bygga ein lagerhall på 20 x 11,5 meter, med eit takoverbygg på 8 meter. Det er planlagt fundamentering på ei djupne av ca. 1,5 meter. Det er etter Riksantikvarens vurdering klart at det er snakk om eit "større privat tiltak" og at det etter § 9 kan krevjast at det blir gjennomført ei oppdatert registrering av det arkeologiske kulturminnet.

Undersøkingsplikta etter § 9 blir oppfylt ved at planen for tiltaket blir sendt til fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal gi ei fråsegn innan 3 månader, jf. § 9 andre ledd. Denne fristen kan forlengjast med inntil 1 månad dersom fylkeskommunen finn at tiltaket kan få følgjer for automatisk freda kulturminne på ein måte som nemnt i § 3 første ledd.

Fylkeskommunen grunngir avslagsvedtaket med at det er naudsynt med ei arkeologisk registrering av lokaliteten, før det kan takast stilling til om søknaden kan innvilgast. Dei skriv i oversendinga av klaga at dei har bede søkjar om å ta kontakt for å få utarbeidd eit kostnadsoverslag og gjera avtale om gjennomføringa av feltarbeidet. Det framstår noko uklart for Riksantikvaren kvifor det ikkje er gjort ein slik avtale mellom tiltakshavar og fylkeskommunen, og kvifor fylkeskommunen har behandla ferdig søknaden om løyve før det er gjennomført ei undersøking som nemnt.

Som forvaltningsorgan har fylkeskommunen eit ansvar for at saka er godt nok opplyst før det fattast ei avgjerd. Dersom forvaltningsorganet ikkje har tilstrekkeleg informasjon til å vurdere ein søknad, skal det be om manglande informasjon og avvente behandlinga av søknaden til det finst eit tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere han, jf. forvaltningslova § 17.

På bakgrunn av at det er naudsynt å gjennomføra ei oppdatert registrering av det arkeologiske kulturminnet for å få tilstrekkeleg informasjon om tilstand og omfang, vurderer Riksantikvaren at saka ikkje har vore tilstrekkeleg opplyst før det vart fatta eit vedtak etter § 8 første ledd.

Vedtaket blir oppheva og saka blir sendt tilbake til fylkeskommunen for ny behandling. Fylkeskommunen må syte for at det blir gjennomført ei oppdatert registrering av arealet før det kan gjerast ei ny vurdering av søknad om løyve til tiltak etter kml. § 8 første ledd.

Konklusjon

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og konkluderer med at vedtaket frå Vestland fylkeskommune datert 9. februar 2024 blir oppheva, jf. forvaltningsloven § 34 fjerde ledd. Saka blir sendt tilbake til fylkeskommunen for ny behandling. Klagen blir teken til følgje.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Du kan krevja dekning av nødvendige kostnader

Klagen din har vorte teke til følgje. Det betyr at du har krav på å få dekt vesentlege kostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket, jf. forvaltningsloven § 36. Fristen for å krevja kostnadene dekt er 3 veker frå du har fått dette brevet frå oss.

Helsing

Anne Judith Munthe-Kaas
avdelingsdirektør

Martine Magdalena Thodesen Sande
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/
Eidesdalen Utvikling AS, Vestvikvegen 1, 5443 BØMLO